



Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 OSLO

Langesund, 30.09.10

Raudt sitt høyringsvar om «Tilpassing av supplerande stønad til pensjonsreforma»

Raudt ser det som særst positivt at Arbeidsdepartementet i høyringsnotat av 30. juni 2010 opnar for at fleire kan uttale seg sjølv om dei ikkje er førte opp på lista over høyringsinstansar og vi ønskjer å bruke denne moglegheita i ein så viktig sak som denne.

Pensjonar har vorte handsama fleire gonger, og partiet Raudt har, saman med innvandrargrupper, brukt tid på å sjå på konsekvensane av regelverket.

Innføringa av «alleårsregelen» er ikkje gunstig for innvandrarak. «Fleksibiliteten» i å ta tidlegare alderspensjon er ein saga blott for innvandrarak. Levealdersjusteringa og avkorting er ein særst negativ side ved pensjonsreforma, som og har negative konsekvensar for innvandrarak. **Raudt meiner at det beste hadde vore om besteårsregelen vart gjeninnført, og den nye pensjonspolitikken vart avskaffa.**

Når skaden er gjort gjennom endringane vedteke i Lov 5. juni 2009 nr. 32, jf. Ot.prp. nr. 37 (2008-200), vert det no lagt opp til at «Lov om supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg» tilpassast pensjonsreforma. Denne stønaden gjev eit inntektsnivå på linje med minstepensjonsnivå i ny folketrygda. Ein effekt av dette er at dei det gjeld ikkje får noko oppmoding til inntektsskapande arbeid, sidan slik inntekt gir full reduksjon i stønaden. Ein burde da kanskje venta at eit slikt brot med prinsippa bak den nye pensjonspolitikken ville føre til at ein og reviderte denne ordninga for å stimulere til meir arbeid. Slik er det dessverre ikkje. Det vert lagt opp til at stønaden vert opprettheldt, i all hovudsak som før.

Både gamal og ny pensjonsordning har krav om ein 40 år lang trygdetid for å få fulle pensjonsrettar. Med kortare trygdetid får ein tilsvarande avkorting av folketrygda. Eldre som har kort butid får eit pensjonsnivå ligg særst lågt. Ordninga med supplerande stønad skal sikre at denne gruppa og skal få ei minsteyting frå 67 år på linje med minstepensjonsnivået.

Raudt har heile tida meint at regelverket med krav om 40 år lang trygdetid er diskriminerande. Dei som bur i Noreg vert delt opp i «klassar» etter trygdetid. Innvandrarak som har arbeida hardt i mange år risikerer å bli «minstepensjonistar». Dette rammer innvandrarkvinner hardest.

Vanlege arbeidsinnvandrarak blir og putta i ein underkategori samanlikna med flyktningar fordi Noreg er forplikta etter internasjonale konvensjonar for flyktningar: Desse får same pensjonsrettar som norske. Dette meiner Raudt er bra. Men diskrimineringa av arbeidsinnvandrarak er ikkje bra.



Raudt

Kvifor ikkje no endre regelen om 40 år land trygdetid og innføre for eksempel fulle folketrygdrettar for personar med minst 10 år lang butid i Noreg? Dette kan inspirere innvandrarar til å jobbe meir, til å jobbe lenger, til å skolere seg, osv. Å ha arbeid er viktig, både for integrering og for å kunne ha eit bra liv. Fleire undersøkingar har synt at innvandrarar frå den tredje verda har vanskeleg for å få arbeid. Dei vert diskriminert samanlikna med nordmenn. Det at dei etter mange år i arbeid ikkje får dei same rettar til pensjon som nordmenn gjer det heile enda verre.

Vårt krav er: Bort med 40 år lang trygdetid og gi fulle folketrygdrettar for folk med minst 10 år butid i Noreg. Om dette vert gjort vil det ikkje vere naudsaamt med supplerande stønad til personar med kort trygdetid i Noreg, og på den måten unngår vi byråkrati, prosedyrar for søknader og kontroll og ubehag både for dei som søker og for dei tilsette i NAV.

Frå 2011 vil nivået på minste- og garantipensjonen vere gjenstand for levealdersjustering. For kvart år vert nivået regulert i samsvar med gjennomsnittlig lønnsvekst, for så å bli levealdersjustert. Slik vil realverdien reduserast gradvis.

Dette gjev ei tilsvarande gradvis svekking av nivået på den supplerande stønaden samanlikna med det systemet vi har i dag, kor nivået regulerast med lønnsveksten utan avkorting. Denne sida av omlegginga vert ikkje omtala i høringsnotatet.

Levealdersjustering er eit gjennomgåande trekk i pensjonsreforma, og det viktigaste innslaget for innstramming. Regjeringa seier at den enkelte kan motverke levealdersjusteringa ved å jobbe litt lenger før ein går av med pensjon. Denne moglegheita er ikkje til stades for dei som mottek supplerande stønad. Dei vil få sin inntekt avkorta i mot stønaden, slik at samla inntekt pluss stønad blir heldt på det gradvis avtrappande garantinivået. Dei får med andre ord full effekt av levealdersjusteringa i form av avtakande samla inntekt. **Raudt krev difor at dei som har krav på supplerande stønad ikkje vert omfatta av levealdersjusteringa.**

Det er mange grupper som ikkje har moglegheit til å kompensere for levealdersjusteringa ved å jobbe lenger, mellom anna:

- uføretrygda (rett nok er den vedtekne lova som utset uføre for levealdersjustering ei mellombels lov, men den er nå uansett vedteke)
- offentlig tilsette med særaldersgrense har i praksis ikkje moglegheit til å kompensere for levealdersjusteringa.
- i tillegg har vi alle dei andre som ikkje kan jobbe lenger, fordi dei ikkje har helse til det eller i praksis er skyvd ut av arbeidslivet på grunn av alder og liknande. Ideen om at alle kan jobbe lenger om dei berre vil er utan samsvar med røynda i det norske arbeidslivet.

Sidan Raudt krev dei som har krav på supplerande stønad ikkje vert omfatta av levealdersjusteringa reiser Raudt og eit slikt krav for minste/garantipensjonsivået.

Fleksibiliteten



Raudt

Den offisielle intensjonen med pensjonsreforma var å gi arbeidstakarar støtte valfridom når det gjeld på kva for tidspunkt dei skal byrje som alderspensjonistar, samstundes med at fleire vert stimulert til å arbeide lenger.

Når supplerande stønad vert vidareført som den er i dag, vil ikkje intensjonen om fleksibiliteten i å gå av med pensjon frå 62 år gjelde for personar med kort butid i Noreg. Så dette systemet vil føre til at grupper med kort butid i Noreg vert diskriminert.

Høyringsnotatet frå AD manglar andre moglege modeller for å betre situasjonen til innvandarane og angre grupper med kort trygdetid i Noreg.

Difor meiner Raudt at AD må opne for ein ny runde med høyring der høyringsnotatet og tek omsyn til prinsippet i ”Veileder om utredning av likestillingsmessige konsekvenser knyttet til personer med innvandrerbakgrunn, samer og nasjonale minoriteter” (Se: http://www.regjeringen.no/nb/ad/dok/veiledninger_brosjyrer/2007/utredningsinstruks.html?id=462525)

Spesielt vil vi nemne Kap. 4 ”I kva for saker kan det vere relevant å utrede konsekvensar for etniske minoritetar?”

I Kap. 5 i rettleiaren, ”Innhaldet i analysane”, står det: ”Utredninga bør omfatte ein systematisk vurdering av konsekvensar av tiltaket/reforma for etniske minoritetar sett i forhold til målet om likestilling og fråvær av diskriminering.”

Raudt meiner at Høyringsnotatet av 30. juni 2010 ikkje tek omsyn til rettleiaren som er nemnt og at dette må rettas opp med ei ny høyring.

Ana López Taylor

Raudt

Nestleiar

Langesund, 30.09.10